UTDANNINGS FORBUNDET

Øygarden

UTDANNINGSFORBUNDET Øygarden
- Retningslinjer for arbeidet -

1. Utdanningsforbundet Øygarden skal vera ei sterk og solidarisk fagforeining

Lokallaget består av medlemmar frå ulike medlemsgrupper:
Barnehage, grunnskule, vidaregåande skule, fagleg administrativt støttesystem, leiarar i skule og barnehage, vaksenopplæring og pensjonistråd.

1.1. ORGANISASJONSBYGGING

Lokallaget skal:
arbeida med å byggja ein sterk organisasjon som skal fungera godt til beste for alle medlemmane, og støtte opp under og påverka medlemmane sitt fagforeiningsmedvit.

arbeida for at det er klubb og tillitsvalde på alle arbeidsplassar med grunnlag for det

sikra at alle vert ivaretekne gjennom gode kommunikasjonskanalar til tillitsvalde og andre medlemmar.

samarbeida med andre lokallag, m.a. gjennom nettverkssamarbeidet i Midhordland.

1.2. OPPFØLGING AV MEDLEMSGRUPPER

Lokallaget skal:

arbeida for å følgja opp dei ulike medlemsgruppene og få til ei organisering som er tenleg for dei einskilde gruppene både i privat og offentleg sektor.

arbeida for at det vert oppretta eit leiarråd for barnehagar og eit pensjonistråd og at det vert oppretta kontakt med Sfo-leiarane og medlemmar utan tillitsvald.

1.3. MEDLEMSENGASJEMENT / REKRUTTERING

Lokallaget skal:

arbeida for å verva medlemmar og styrke engasjementet blant medlemmane.

informera og inspirera til arbeid i klubb og lokallag og rekruttere tillitsvalde på alle arbeidsplassane der me har medlemmar.

skipas til medlemsmøte med aktuelle tema både for heile medlemsmassen og for einskilde medlemsgrupper.

1.4. SKULERING / KONTAKT MED TILLITSVALDE PÅ KLUBB-NIVÅ

Lokallaget skal arbeida for:

at kontakten mellom laget og dei tillitsvalde på arbeidsplassane vert ivareteken på ein god måte.

tenlege møteplassar og nettverk for dei ulike gruppene av tillitsvalde.

å ha engasjerte og godt skulerte tillitsvalde, m.a. ved lokal kursing og oppfølging i møte for tillitsvalde.

1.5. MEDRÅDERETT

Lokallaget skal i samarbeid med dei tillitsvalde medverka til at lov- og avtaleverk vert følgd og medråderetten vert sikra i faste drøftingsmøte mellom partane på alle nivå.

Lokallaget skal arbeida for eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde tufta på gjensidig tillit og respekt

1.6. PROFESJONSETIKK

Lokallaget skal arbeida for at «Lærarprofesjonen si etiske plattform» skal verta kjend og i bruk i det daglege arbeidet til medlemmane våre.

Kvalitet i utdanningssystemet er avhengig av trygge, profesjonelle, etisk medvitne og fagleg kompetente yrkesutøvarar.

Lokallaget skal medverke til felles forståing av kva yrkesrollene inneber, tydeleggjere det etiske ansvaret som er nedfelt i Lærarprofesjonen si etiske plattform, og vi skal støtte medlemmane og hjelpe dei til å handtere dei utfordringane dei møter i yrka.

2. Utdanningsforbundet Øygarden skal arbeida for gode løns- og arbeidsvilkår og gode arbeidstilhøve

2.1. TARIFF OG FORHANDLINGAR

Lokallaget skal arbeida for:

at alle medlemmar har tariffavtale.

at formell kompetanse skal gje utteljing

å sikra alle medlemmane lønsutvikling over tid, og for ei lønsmessig utjamning mellom ulike medlemsgrupper med samanliknbare oppgåver og ansvarsområde

Lokallaget er i prinsippet mot lokale forhandlingat, men lokallaget skal ha ein lønspolitikk basert på kollektive sentrale avtalar, og prioriteringar i lokale forhandlingar skal vera etter kjende objektive kriterium

2.2. ARBEIDSTID

Lokallaget skal arbeida for at:

gjeldande arbeidstidsavtalar vert følgd opp i praksis og at dei individuelle arbeidsplanane vert tufta på prinsipp etter drøftingar på den einskilde arbeidsplassen.

det er eit samsvar mellom medlemmane, inkludert leiarmedlemmane, sine tidsressursar og det ansvar og dei arbeidsoppgåver dei er tillagt.

2.3. RESSURSAR

Lokallaget skal arbeida for gode ordningar for ressurs til tillitsvalde både på arbeidsplassnivå og i lokallaget.

2.4. ARBEIDSMILJØ

Lokallaget skal arbeida for:

eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø både kommunalt og på den einskilde arbeidsplassen.

at eksisterande system for varsling og avvik er kjende og i bruk på arbeidsplassane når det er trong for det.

Lokallaget skal gje arbeidsplasstillitsvalde og verneombod råd i arbeidsmiljøspørsmål slik at dei kan vera positive medspelarar på arbeidsplassen.

2.5. EIT INKLUDERANDE ARBEIDSLIV

Lokallaget skal arbeide for:

ein god livsfaseorientert arbeidsgjevarpolitikk og medverka til at arbeidsmiljølova §1-1 vert følgd.

at intensjonane i IA-avtalen vert følgd, og at kommunen sin politikk på området vert kjent på arbeidsplassane.

2.6. KOMPETANSE

Lokallaget skal arbeida for at:

arbeidsgjevar legg til rette for kompetanseutvikling både når det gjeld fag, utviklingsarbeid, metodikk og leiing.

vikarar i skule og barnehage skal vera fagutdanna.

3. Utdanningsforbundet Øygarden skal engasjera seg i samfunns- og utdanningspolitikk

3.1. BARNEHAGE- OG SKULEPOLITIKK

Lokallaget skal:

engasjera seg i utviklingsarbeid og endring i planar i barnehage og skule og ha merksemd på innhaldet i opplæringsløpet.

engasjera seg i utdanningspolitikk sentralt og lokalt og tala på vegne av medlemmane..

arbeida for at endringar som skjer i barnehagen, skulen eller i organisasjonsstrukturen i kommune eller fylke skal føra til betre arbeidstilhøve for medlemmane.
arbeida for at ingen medlemmar vert pådrivarar for undervisningsopplegg som bryt med gratisprinsippet

Barnehage og skule er eit offentleg ansvar. Lokallaget skal arbeida for at skule- og barnehageeigar tek ansvar for å følgja opp med pedagogiske og økonomiske rammer som gir høve til å gje eit tilbod som svarer til det einskilde barnet sine føresetnader.

3.2. PÅVERKNAD

Lokallaget skal gjennom tilgjengelege kanalar drive aktiv påverknad slik at Utdanningsforbundet sine målsettingar vert synleggjort og ivaretekne.

Dette gjeld t.d. saksområde som:
- budsjettprosessar, profesjonsutvikling, metodefridom og metodeansvar, testing, dokumentasjon, satsingsområder